



Vestland fylkeskommune
Postboks 7900
5020 BERGEN

Vår ref:
Sak: 20/3714 JpID: 21/10542 Sbh: KDA

Dykkar ref.

Dato:
22.03.2021

Høyringsuttale frå Stad kommune - Regional plan for innovasjon og næringsutvikling

Innleiing

Stad kommune viser til Regional plan for innovasjon og næringsutvikling i Vestland, og gir med dette høyringsuttale til planen.

Generelt – Om Stad kommune

Stad kommune vart etablert 1. januar 2020 ved samanslåing av Eid og Selje kommunar og krinsen Bryggja som del av tidlegare Vågsøy kommune. Stad er ein langstrakt og spreiddbygd kommune med 120 kilometer reiseveg frå vestlegaste busetnad ved Stadhavet til dei austlegaste bygdene ved Hornindalsvatnet. Stad kommune har om lag 9500 innbyggjarar.

Stad kommune har eit mangfaldig næringsliv med mange bedrifter og næringar som har heile verda som marknad, og som i all hovudsak er innanfor dei nye grøne næringane som i tiåra framover skal fylle verdiskapingsgapet etter petroleumsnæringa (fiskeri/havbruk, fornybar energi/elektrifisering, maritime næringar, reiseliv, tenesteytande næringar mm). Industri, bygg og anlegg, varehandel, transport og tenesteytande næringar er dei største næringane i Stad målt i tal sysselsette. Reiseliv er framleis ei relativt lita næring målt i tal sysselsette, men er i vekst og har stor overrislingseffekt til anna næringsliv. Fiskeri- og havbruksnæringa er viktig allereie i dag, og vil kunne ta ei betydeleg større rolle i verdiskapinga i framtida. Landbruket står for 5 % av arbeidsplassane i Stad kommune.

Merknadar til planutkastet og innspel til handlingsdel

Den regionale planen har tre satsingar – som er bransjenøytrale og gjeld for alle næringar:

- *Grøn næringsutvikling:* Handlar om at produksjon og næringsaktivitet skal utviklast i ei retning som er meir berekraftig for miljø og klima, og i tråd med FN sine berekraftsmål.
- *Innovative og inkluderande samfunn:* Innovative samfunn fornyar seg og skapar verdi for verksemder, samfunn og innbyggjarar. Inkluderande samfunn tek vare på mangfold og motverkar utanforskap.
- *Areal til næringsutvikling:* omfattar korleis vi nyttar naturressursar, og korleis vi legg til rette areal for ny næringsutvikling

Stad kommune støttar den bransjenøytrale tilnærminga som planen har. Dei tre satsingane viser også at fylkeskommunen har lagt til grunn ei brei tilnærming til næringsutvikling, og med dette

også reflekterer dei tre dimensjonane i berekraftig utvikling, klima og miljø, økonomi og sosiale forhold, på ein god måte.

Stad kommune har i liten grad merknadar til den regionale planen, slik den ligg føre no. Og vil difor i hovudsak fokusere på å gje tilbakemelding på aktuelle tema for vidare oppfølging i handlingsdelen. Handlingsdelen må ta omsyn til at planen gjeld for alle næringar, samtidig som den er konkret nok til å kunne gje effekt for den enkelte bransje og vere til støtte for kommunane som nærings- og samfunnsutviklar.

Demografiutvalet peikar i sin NOU 2020:12 Det handler om Norge på at ein av dei mest akutte utfordringane vi no står ovanfor i distrikta handlar om tilgang til grunnleggande tenester og kvalitetane på desse. NOU 2020:15 nyttar samleomgrepet

«Demografiutfordringer» om summen av tre forhold som vil prege distrikts-Noreg i framtida: Folketalsnedgang, aldring og spreidd busetnad. Forsking syner at distriktskommunar som klarer å snu seg raskt rundt og nytte moglegheitene som opnar seg som følge av samfunnssendringar rundt seg, har betre høve til å oppnå vekst i folketal og arbeidsplassar enn andre. Dette føreset mellom anna at det eksisterer ein kultur og kompetanse for innovasjon og nytenking. Meld. St. 30 En innovativ offentlig sektor fastset eitt mål og tre prinsipp for innovasjon i offentleg sektor.

Regjeringa sitt mål er ein effektiv offentlig sektor som leverer gode tenester til innbyggjarane, har høg grad av tillit i befolkninga, og som finn nye løysningar på samfunnsutfordringar i samarbeid med innbyggjarane, næringslivet, forskingsmiljø og sivilsamfunnet.

Basert på ovannemnde, bør ein vurdere følgjande tiltak i den regionale handlingsplanen:

- *Vegkart for grøn omstilling og innovasjon Vestland*
 - Vegkart for stevvis og radikal innovasjon som tek omsyn til dei tre dimensjonane i berekraftig utvikling, og som er bransjeorientert – gjerne kopla mot smart spesialisering.
 - Stimulere til nye nettverk og samarbeid basert på funna i det vidare arbeidet i Vestland med smart spesialisering.
 - Sette mål om at Vestland som region skal vere fremst innan sirkulærøkonomi.
 - Ta vare på matjorda i Vestland.
- *Vegkart for innovative og inkluderande samfunn*
 - Pilotar/testing av Living labs-metodikken - til bruk i arbeidet med strategi for tettstadutvikling
 - Styrke og vidareutvikle LivOGLyst satsinga- fokus på tenestedesign og samskapning
 - Fleirfunksjonell arealbruk: kompakte areal og fleirfunksjonelle bygg som legg til rette for fysisk og igitalt samarbeid lokalt, nasjonalt og internasjonalt. Støtte opp under nye former for «Campus».
 - Setje fokus på styrken i eit komplett utdanningstilbod frå barnehage til etter- og vidareutdanning tett integrert med kultur- og næringsliv. Læreplan med nær tilknyting næringsliv og lokalsamfunn – og tidleg rekrutteringsarbeid. (Pilotprogram/støtteordningar knytt til t.d. koding/forskarskule/skulefritidsordningar/sommarjobb).
 - Grøne, fleksible transportsystem
- *Etablere regionalt nærings- og læringsnettverk for kommunane*
 - Etablere eit forum/nettverk med fokus på å auke kompetanse til å utvikle rolla som næringsutviklar – med fokus på god servicekultur og ei effektiv teneste i møte med næringslivet. Inkl. støtte opp om berekraftige innovative initiativ i næringslivet. Eigne forum for kultur, næring og reiseliv?.

Delen unge med berre grunnskuleutdanning er aukande i Vestland fylke, og demografien er i endring. Mangel på rett kompetanse er den største utfordringa til næringslivet i Nordfjord. Konsekvensen blir at enkelte bedrifter må seie nei til oppdrag, medan andre ikkje får teke ut potensialet for vekst og utvikling det blir stagnasjon i bedriftene og i lokalsamfunna der bedriftene er etablerte. Fagutdanning som svarar til næringslivets behov og desentraliserte utdanningstilbod blir sett på som sentrale tiltak for både å hindre fråflytting og handtere næringslivets manglende tilgang på arbeidskraft. Studentmiljø og statlege fagmiljø må gå «hand i hand» for å skape attraktive miljø.

Basert på ovannemnde, bør ein vurdere følgjande tiltak i den regionale handlingsplanen:

- Sterk «*kunnskapsinfrastruktur*» også i distrikts-Vestland
- Utvikle heilskaplege strategiar for utdanningssystem i distriktet og kompetansearbeidsplassar som «matchar» dei desentraliserte – i samarbeid med næringsliv, vidaregåande skular, NAV, vaksenopplæring/kommunane).

Telemarksforsking peikar i sine analysar på at det er ein direkte samanheng mellom mangel på attraktive næringsareal og mangel på vekst i næringslivet. Vi er samde i at rett areal for rett næring, der ein har tatt omsyn til tilgang til infrastruktur, er eit sentralt element i arbeidet med næringsutvikling, slik det vert lagt vekt på i den regionale planen.

Basert på ovannemnde, bør ein vurdere følgjande tiltak i den regionale handlingsplanen:

- Rett areal for rett næring til rett tid
- Utvikle strategi og støtteordninger knytt til bruken av kystlinja, kysten som samferdsleåra og behovet for ny/vidareutvikling av hamn og grøn infrastruktur.
Styrke kunnskapsgrunnlaget for planlegging av berekraftig bruk av areal i kystsona.
- Utvikle vegkart for transformasjon og fortetting av tettstadar – pilotprogram?
- Etablere lærings- og nettverksarena knytt til strategisk planlegging som også reflekterer dei tre dimensjonane i berekraftig utvikling, klima og miljø, økonomi og sosiale forhold
- Statleg medfinansiering av nødvendige arealavklaringar (til dømes skred-og flaumsikring, kvikkleirekartlegging etc) og tettare samspel mellom stat, fylke og kommunar for at vi skal kunne møte forventingane om å ha «rett areal for rett næring til rett tid» på ein god måte.

Distriktsnæringsutvalet viser i sin NOU 2020:12 til at næringslivet i distrikta generelt brukar verkemiddelapparatet i større grad enn resten av landet. Og at dette kan vere eit uttrykk for at distrikts-næringslivet har eit større behov for verkemidla og at verkemidla har større betyding i distriktsnæringsområda.

Basert på ovannemnde, bør ein vurdere følgjande tiltak i den regionale handlingsplanen:

- Verkemiddelapparat og tilskotsordningar
- Vidareføre ordninga med næringsfond – som handtering av Covid-19 situasjonen
- Forum for innovasjon/utvikling av landbruket og natur-, og kulturbasert reiseliv – med kopling mot IN sine «nye» støtteordningar

Regional utvikling, verdiskaping og innovasjon krev langsiktig innsats og tett samarbeid mellom fleire aktørar. Basert på dette tilrår vi at:

- Regionråda blir viktige samarbeidspartar, og vil kunne vere ein koordinerande part på område innanfor næringsutvikling og reiseliv.

- Ein satsar på sterke, funksjonelle bu og arbeidsmarknadsregionar, og byggjer kapasitet på bu og arbeidsmarknadsregion nivå (Strukturar som Regionalt Beredskapsteam Nordfjord (initiert av Nordfjordrådet bør ikkje vere eit «blaff».)
- Stad skipstunell opnar ein mogelegheit der kommunane i regionen, fylket og sentrale myndigheter, saman kan planlegge og realisere regional samfunnsutvikling
- Fokusere på «kundereisa» for besøksnæringa og stimulere til eit samanhengande transportsystem og produktutvikling (tilskot til SMB-utvikling og nettverk)
- Samle seg i regionen om nokre visjonære mål som krev samhandling, slik som til dømes innan reiseliv å ta posisjonen som Verdas Vikinghovudstad.
- Avklare/sjå nærmare på destinasjonsselskapa sine roller i høve til marknadsføring av Vestland

Med venleg helsing

Kristine Dahl
assisterande kommunedirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur

Ver venleg å oppgje referansenummer 21/10542 dersom du tek kontakt med oss.